



Dykkar ref:

Vår ref  
2024/378-7

Saksbehandlar:

Arkivkode:

Dato:  
17.04.2024

## **Forskrift om politivedtekt, Fyresdal kommune, Telemark**

Dato	FOR-.....
Publisert	.....
Ikrafttredelse	.....
Sist endret	.....
Endrer	.....
Gjelder	for Fyresdal kommune, Telemark.
Hjemmel	LOV-1995-08-04-53-§14
Korttittel	Forskrift om politivedtekt, Fyresdal

**Kapittel 1. Allmenne føresegner (§§ 1-1 - 1-2)**

**Kapittel 2. Orden på offentlig stad (§§ 2-1 - 2-5)**

**Kapittel 3. Sikring av ferdsla (§§ 3-1 - 3-10)**

**Kapittel 4. Reinhold på offentlig stad og elles (§§ 4-1 - 4-4)**

**Kapittel 5. Offentleg anlegg (§ 5-1)**

**Kapittel 6. Arrangement på offentlig stad (§§ 6-1 - 6-3)**

**Kapittel 7. Midlertidig kommersielt sal på offentlig stad (§ 7-1)**

## **Kapittel 8. Ulike føresegner (§§ 8-1 - 8-4)**

**Heimel:** Fastsatt av Fyresdal kommunestyre dato 2024 .... med heimel i lov av 4. august 1995 nr. 53 om politiet § 14. Stadfesta av politidirektoratet ..... Endra 31 des 2006 – sjå lov 4 juli 2003 nr. 74 § 32.

### **Kapittel 1. Alminnelege føresegner**

#### ***§ 1-1. Offentleg stad***

Med offentlig stad blir forstått gate, veg, fortau, sti, under dette gang- og sykkelveg, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller annan stad som er alminneleg folksamt eller bestemt for alminneleg ferdsel.

#### ***§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn***

Plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler òg på den som festar, brukar, leigar eller styrar eigedommen.

### **Kapittel 2. Orden på offentlig stad**

#### ***§ 2-1. Farleg eller skremmande åtferd***

På, ut mot eller like attmed offentlig stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen,
2. å fyre opp fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at ein har søkt om og fått løyve hjå brannvesenet.

#### ***§ 2-2. Ro og orden på offentlig stad***

På eller like attmed ein offentlig stad må ingen vere med i oppløp, samanstimling, larm eller bråk som forstyrrar den allmenne orden eller ferdsel.

Den som ferdast på eller like attmed offentleg stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og kl. 06.00.

Dersom mange menneske samlar seg ved inngangen til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, haldeplass e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsla.

### ***§ 2-3. Tigging***

Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus er forbode. Med tigging siktar ein til å be tilfeldige personar om einsidige gåver, donasjonar eller almisser i form av pengar, mat eller andre bidrag som særleg går til livsopphald.

### ***§ 2-4. Køyning, camping osv. i parkar, grøntareal, friområde o.l.***

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping e.l. forbode, med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøyretøy med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

### ***§ 2-5. Framferd og andre publikumsretta aktivitetar***

Den som på eller ut mot offentleg stad vil opptre eller utføre andre større publikumsretta aktivitetar, må på førehand sende melding til politiet, uavhengig av om aktivitetane skjer ved bruk av høgtalar o.l.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentleg stad ønskjer å gjere bruk av gåande, køyrande eller flygande reklame.

## **Kapittel 3. Sikring av ferdselen**

### ***§ 3-1. Hindringar***

På eller ut mot offentlig stad er det forbode å plassere eller montere noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdselen eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt o.l.

Markiser eller anna som heng utover fortau, skal på det lågaste vere minst 2,5 meter over bakken.

### **§ 3-2. Dyr**

Det er forbode å la husdyr gå laus på eller ved offentlig stad utan forsvarleg tilsyn.

### **§ 3-3. Aktivitetar**

Politiet kan forby alle former for sport, leik eller spel på bestemt offentlig stad når dette er påkravd av omsyn til ferdselen eller den alminnelege ordenen.

### **§ 3-4. Ferdsel på islagt vatn eller sjø**

Politiet kan av tryggingssgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdselen på islagt vatn eller sjø.

### **§ 3-5. Avsperring av offentlig stad**

Er det påkravd på grunn av byggjearbeid e.l. at fortau, gate, veg eller ein annan offentlig stad blir heilt eller delvis sperra for eit avgrensa tidsrom, må det på førehand innhentast løyve frå politiet, som kan fastsetja nærare vilkår.

### **§ 3-6. Byggjeverksemd osv.**

Oppføring, nedrivning eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentlig stad som kan medføre fare for ferdselen, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan bestemme korleis arbeidsstaden skal haldast avsperra og påby andre tryggingstiltak til vern for publikum.

### **§ 3-7. Sprengingsarbeid**

Sprengingsarbeid på eller like ved offentlig stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særskilde tryggingstiltak.

### **§ 3-8. Vedlikehald av bygning osv.**

Ved vedlikehald av bygningar osv. på eller ut mot offentlig stad pliktar den ansvarlege for arbeidet utan opphald å setja opp avsperringar som gjer det tydeleg at ferdselen er forbunde med fare eller ulempe.

### **§ 3-9. Fare for ras frå tak**

Når det er fare for at snø eller is kan falle frå hustak mot offentleg stad, skal eigaren straks sette opp sperringar som gjer det tydeleg at det er farleg eller vanskeleg å ferdast der, og snarast syte for at taket blir rydda.

### **§ 3-10. Fjerning av sperrer**

Avsperringar o.l. innretningar må bli fjerna når arbeidet som er nemnt i § 3-6, § 3-7 og § 3-8 er utført, eller faren eller ulempa som er nemnt i § 3-9 ikkje lenger er tilstade.

## **Kapittel 4. Reinhald på offentleg stad og elles**

### **§ 4-1. Vassavløp**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal sørge for at vassavløp blir halde opne.

### **§ 4-2. Hindre forsøpling og tilgrising**

På, ut mot eller i beinveges nærleik til offentleg stad er det forbode:

1. å kaste avfall
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel
3. å henge opp kunngjeringar, plakatar e.l., utan løyve frå politiet. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler e.l. som er godkjent av kommunen til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om forhold som berre vedkjem eigedomen eller næringsverksemd til dei som disponerer eigedomen.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere utandørs i tettbygd strøk eller på stader der det kan verke sjenerande på andre.

### **§ 4-3. Plikta til eigar i samsvar med lokalt reinhald**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å:

Sørgje for at oppsop e.l. ikkje må leggest i sluk.

Sørgje for reinhald av fortau. Dette gjeld berre fortau i nær tilknytning til eigedommen.

#### ***§ 4-4. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.***

Den som driv sal frå kiosk, uteservering, gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørgje for at området ikkje skjemmest eller blir skjemt ut av verksemda, og pliktar å sørgje for at det blir sett opp eit tilstrekkeleg tal søppelkasser. Etter stengjetid pliktar verksemda snarast å rydde området og fjerne avfall som kjem av aktiviteten til verksemda.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal sørgja for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet.

## **Kapittel 5. Offentlege anlegg**

### ***§ 5-1. Kyrkjegard og gravplass***

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trenge seg inn på kyrkjegard når han er stengd for besøk.

## **Kapittel 6. Arrangement på offentleg stad**

### ***§ 6-1. Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad***

Den som på offentleg stad vil halda arrangement som hovudsakleg er av underhaldningsmessig, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersiell art, og som har eit omfang som vil medføre behov for betydelege ferdselsreguleringar eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set. Politilova § 11 gjeld tilsvarande.

### ***§ 6-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement***

Den som vil halda eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må i god tid forut for arrangement senda melding til politiet, når arten eller storleiken til arrangementet gjer det sannsynleg at politioppsyn blir nødvendig av omsyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Dette gjeld òg når arrangementet ikkje skjer på offentleg stad.

Meldeplikta gjeld òg samankomst eller tilstelling av overvegande selskapeleg eller underhaldande art for medlemmer av ei foreining e.l. samanslutning. Politilova § 11 gjeld tilsvarande.

## **Kapittel 7 Midlertidig kommersielt sal på offentleg stad**

### ***§ 7-1. Kommersielt sal***

Kommersielt sal av mat, drikke og/eller anna skal søkast om til kommunen. Ved søknad skal kommunens eget søknadsskjema nyttast, sjå søknadsskjema på kommunens nettside.

Kommersielt sal er ikkje tillate i dei statleg sikra friluftsområda Klokkarhamaren og Prestestranda.

Dette kapitelet gjeld ikkje for lag og foreiningar. Med lag og foreining meiner ein ei sjølvstendig frivillig samanslutning av medlemmer som skal tene eit bestemt formål.

## **Kapittel 8. Ymse føresegner**

### ***§ 8-1. Forsøming av plikt***

Unnlet nokon å utføre det vedkommande har plikt til etter vedtekta eller pålegg gjeve med heimel i denne, kan politiet la det blir utført på vedkomandes kostnad.

### ***§ 8-2. Straff***

Regelbrot av vedtekta eller pålegg gjeve i medhald av vedtekta, kan blir straffa etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje forholdet går inn under ei strengare straffeføresegn.

### ***§ 8-3. Kommunal handheving***

Kommunen kan handheva følgjande føresegner innteke i normalpolitivedtekta:

§ 3-1 Hindringar (kommunal handheving etter denne paragrafen er avgrensa til gjenstandar e.l. på eller utover fortau)

§ 3-9 Fare for ras frå tak

§ 3-10 Fjerning av sperrer når arbeidet er ferdig/faren er over

§ 4-1 Avløp for vatn

§ 4-2 Hindre forsøpling og tilgrising

§ 4-4 Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Kan handhevast av Fyresdal kommune med heimel i forskrift av 19. juni 2012 nr. 600 om kommunal handheving av politivedtekter, jf. politilova § 14 tredje ledd.

Fyresdal kommune kan ved brot på desse reglane òg gje gebyr.

#### ***§ 8-4. Iverksetjing***

Denne vedtekta trer i kraft 1 månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Frå same tid opphevast [Forskrift 18. juni 1998 nr. 521 om politivedtekt, Fyresdal kommune, Telemark.](#)